



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 09.09.2020
Møtestad: Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 18:30 - 20:30

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Anna Marit Storemark	Ap
Ernst Horgen	H
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
Otto-Andre Nordby	H
Paul Magnar Knapskog	H
Silje Sulen Gullaksen	H

Møtedeltakarar vara	Parti
Elin Iren Øien Solbakk	Frp
Rune Midtun Borgerød	Ap
Stian Stokholm Rognsvåg	H
Stig Øien	Frp
Thea Koppen Blomvågnes	Ap

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Bjørn Solbakk	Frp
Annika Tvedt Villanger	Ap
Einar Villanger	Ap
Frode Hjønnvåg	Frp
Paul Gunnar Gullaksen	H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Dagrun Gunnarson, Gjermund Hagesæter, Kim Andre Vangberg, Kristin Handeland,
Øyvind Tolleshaug

Sakliste

Saknr	Tittel
046/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
047/20	Godkjenning av møtebok
048/20	Referatsaker
049/20	Delegerte saker
050/20	Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap 2019
051/20	Gebyr for utviding av fast skjenkeløyve
052/20	Personalplan for Fedje kommune
053/20	Ny legeteneste på Fedje
054/20	Revidert selskapsavtale for Bergen- og omland farvannsforvaltning
055/20	Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland - delegering av mynde, og val av representantar til Interkommunalt planutval for sjøareal
056/20	Dyrevernemnder - forespørsel kandidater for perioden 2021-2024
057/20	Ny gjennomgang av ungdomsrådet si samansetting
058/20	Forliksråd 01.01.2021 til 31.12.2024
059/20	Direktesending av politiske møte i Fedje kommune
060/20	Tillegg til reglement for kommunestyret - om fjernmøte
061/20	Eventuelt

046/20: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Kommunestyret 09.09.2020

Behandling:

K - sak 046/20 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

047/20: Godkjenning av møtebok

Kommunestyret 09.09.2020

Behandling:

Møtebok frå sist møte vert godkjent, med to endringar : Dei skjenke- og salsløyva ein hadde i kommunen for perioden 2017 til 2020 gjekk ut i september 2020. Administrasjonen hadde innstilt på å gje sals- og skjenkeløyve frå september 2020 til september 2024. Kommunestyre valte gje nye - og utvida løyver frå 12. juni 2020 til september 2024. Ein kan berre gje løyve for inntil 4 år. I tillegg kan ein etter alkoholova gje inntil 3 månader ekstra.

Vedtaka i kommunestyret er gitt for ein periode på 4 år og 3 månader. Truleg burde kommunestyret når dei endra løyva frå september til juni og endra sluttdato til juni 2024, men det vart ikkje gjort.

Det vart også oppdaga ein skrivefeil i vedtak 033/20, som vert presisert.

Tilleggsforslag frå ordførar Stian Herøy (H):

Kommunestyret ber rådmannen sjå på sals- og skjenkeløyvene for perioden 2020 - 2024, og komma attende til kommunestyret med ei utgreiing om kva som kan vera moglege løysing for å retta opp feil med løyveperioden.

K - sak 047/20 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent, med følgjande merknadar:

Kommunestyret ber rådmannen sjå på sals- og skjenkeløyvene for perioden 2020 - 2024 og komma attende til kommunestyret med ei utgreiing om kva som kan vera moglege løysing for å retta opp feil med løyveperioden.

I sak 033/20 skjenkeløyve til Feddie Distillery AS er det skrivefeil på dato i møteboka. Skjenkeløyve vart gjeve frå 12.06.2020 ikkje 19.09.2020 som står i møteboka.

Samrøystes vedteke.

048/20: Referatsaker

Kommunestyret 09.09.2020

Behandling:

Smittevernlege Ernst Horgen orienterte kommunestyret om møte som var halde i KKL 09.09.2020 i høve Covid-19 utbrotet. Ernst Horgen orienterte om ulike tiltak som vert sett i verk på Fedje som ein konsekvens av utbrotet i Bergen kommune. Tiltaka vil vara inntil 14 dagar frå 09.09.2020.

K - sak 048/20 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

049/20: Delegerte saker

Kommunestyret 09.09.2020

Behandling:

Delegerte saker utgår.

K - sak 049/20 Vedtak:

050/20: Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap 2019

Formannskapet 01.09.2020

Behandling:

F - sak 061/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2019 slik det ligg føre. Rekneskapsmessig meirforbruk vert dekkja inn av fond.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 09.09.2020

Behandling:

K - sak 050/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2019 slik det ligg føre. Rekneskapsmessig meirforbruk vert dekkja inn av fond.

Samrøystes vedteke.

051/20: Gebyr for utviding av fast skjenkeløyve

Formannskapet 01.09.2020

Behandling:

F - sak 069/20 Vedtak:

Tillegg til punkt 9 i «Retningsliner for ambulerande skjenkeløyve og løyve ved einskildhøve i Fedje kommune»: Gebyr for utviding av skjenkeområde for fast løyve, ambulerande og einskildhøve vert

sett lik gebyr for einskildhøve, for tida kr 600.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 09.09.2020

Behandling:

K - sak 051/20 Vedtak:

Tillegg til punkt 9 i «Retningsliner for ambulerande skjenkeløyve og løyve ved einskildhøve i Fedje kommune»: Gebyr for utviding av skjenkeområde for fast løyve, ambulerande og einskildhøve vert sett lik gebyr for einskildhøve, for tida kr 600.

Samrøystes vedteke.

052/20: Personalplan for Fedje kommune

Formannskapet 01.09.2020

Behandling:

Yaroslav Borisov (HTV Utdanningforbundet) og Elin Solbakk (HTV Fagforbundet) trådde inn i møtet, slik at det var partssamansett utval som behandla saka.

F - sak 063/20 Vedtak:

Personalplan for Fedje kommune del 1 Arbeidsgjevrapolitikk vert vedteke slik den ligg føre, inkludert punkta følgje av born, gåver, nedbemanningskriterium, lønnspolitiske retningslinjer og pensjonsordning for kommunalt tilsette. Del 2 Personalreglement ligg til rådmannen, jf. kommunelova §13-1.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 09.09.2020

Behandling:

Elin Øien Solbakk ba kommunestyret vurdere hennar gildskap i saka, sidan ho har vore med i prosessen som hovudtillitsvalt. Elin Øien Solbakk Øien deltok ikkje i handsaminga av eigen gildskap. Kommunestyret vedtok at Elin Øien Solbakk ikkje er ugild i handsaminga av personalplanen. Samrøystes vedteke.

K - sak 052/20 Vedtak:

Personalplan for Fedje kommune del 1 Arbeidsgjevarepolitikk vert vedteke slik den ligg føre, inkludert punkta følgje av born, gåver, nedbemanningskriterium, lønnspolitiske retningslinjer og pensjonsordning for kommunalt tilsette. Del 2 Personalreglement ligg til rådmannen, jf. kommunelova §13-1.

Samrøystes vedteke.

053/20: Ny legeteneste på Fedje

Formannskapet 01.09.2020

Endringsforslag punkt 2, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet
2.Fedje kommune arbeider med å få på plass ny legeteneste ut frå følgjande alternativ i prioritert rekkefølge:

- F.Kommunal lege og Nordhordland legevakt, utan legevakt på Fedje
- D.Kommunale legar og legevakt i samarbeid med Austrheim kommune.
- C.Kommunale legar og kommunal legevakt i samarbeid med Austrheim kommune.
- A.Kommunale legar og kommunal legevakt.
- B.Kommunale legar og kommunal legevakt i samarbeid med Nordhordland legevakt.
- E.Kommunal legesamarbeid med Austrheim kommune og Nordhordland legevakt.

Behandling:

Vedtaksframlegga vart sett opp mot kvarandre. Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 3 mot 2 røyster. Hans Erik Waage (Ap) og Kamilla Karlsen (Ap) røysta for sitt alternative framlegg.

F - sak 062/20 Vedtak:

1.Fedje kommune har følgjande mål for legetenesta på Fedje:

- a.Alle kommunen sine innbyggjarar skal ha tilgang på gode allmennlegetenester, tilpassa sitt behov.
- b.Kommunen skal ha ei berekraftig legevakt, som ivaretek god kvalitet, forsvarleg arbeidsbelastning og hensiktsmessig organisering.
- c.Kommunen må ha gode rutinar for samarbeid med legetenesta og kontinuerleg forbetningsarbeid innan helsetenestene med kvalitetsarbeid og internkontrollarbeid.
- d.Kommunen skal legge til grunn primærhelsetenestemeldinga og sjå på helsetenestene som heilskap slik at legetenesta vert ein integrert del av helsetenesta på Fedje.
- e.Uavhengig av val av organisering av ny legeteneste skal den evaluerast innan to år etter opstart.

2.Fedje kommune arbeider med å få på plass ny legeteneste ut frå følgjande alternativ i prioritert rekkefølge:

- A.Kommunale legar og kommunal legevakt.
- B.Kommunale legar og kommunal legevakt i samarbeid med Nordhordland legevakt.
- C.Kommunale legar og kommunal legevakt i samarbeid med Austrheim kommune.

- D.Kommunale legar og legevakt i samarbeid med Austrheim kommune.
- E.Kommunal legesamarbeid med Austrheim kommune og Nordhordland legevakt.
- F.Kommunal lege og Nordhordland legevakt, utan legevakt på Fedje

3.Rådmannen vert beden om å starte prosessen for å få på plass ny legeteneste i tråd med vedtekne prioriteringar. Før tilsetjing vert gjort vert saka lagt fram for formannskapet og kommunestyret for endeleg vedtak.

Vedteke med 3 mot 2 røyster. Hans Erik Waage (Ap) og Kamilla Karlsen (Ap) røysta for sitt alternative framlegg.

Eldrerådet 02.09.2020

Behandling:

ELD - sak 013/20 Vedtak:

1.Fedje kommune har følgjande mål for legetenesta på Fedje:

- a.Alle kommunen sine innbyggjarar skal ha tilgang på gode allmennlegetenester, tilpassa sitt behov.
- b.Kommunen skal ha ei berekraftig legevakt, som ivaretek god kvalitet, forsvarleg arbeidsbelastning og hensiktsmessig organisering.
- c.Kommunen må ha gode rutinar for samarbeid med legetenesta og kontinuerleg forbetningsarbeid innan helsetenestene med kvalitetsarbeid og internkontrollarbeid.
- d.Kommunen skal legge til grunn primærhelsetenestemeldinga og sjå på helsetenestene som heilskap slik at legetenesta vert ein integrert del av helsetenesta på Fedje.
- e.Uavhengig av val av organisering av ny legeteneste skal den evaluerast innan to år etter oppstart.

2.Fedje kommune arbeider med å få på plass ny legeteneste ut frå følgjande alternativ i prioritert rekkefølge:

- A.Kommunale legar og kommunal legevakt.
- B.Kommunale legar og kommunal legevakt i samarbeid med Nordhordland legevakt.
- C.Kommunale legar og kommunal legevakt i samarbeid med Austrheim kommune.
- D.Kommunale legar og legevakt i samarbeid med Austrheim kommune.
- E.Kommunal legesamarbeid med Austrheim kommune og Nordhordland legevakt.
- F.Kommunal lege og Nordhordland legevakt, utan legevakt på Fedje

3.Rådmannen vert beden om å starte prosessen for å få på plass ny legeteneste i tråd med vedtekne prioriteringar. Før tilsetjing vert gjort vert saka lagt fram for formannskapet og kommunestyret for endeleg vedtak.

Ungdomsrådet 02.09.2020

Behandling:

U - sak 022/20 Vedtak:

Ungdomsrådet ønsker å ha mest mogleg lege tilgjengeleg på Fedje. Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 09.09.2020

Endringsforslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Endring i punkt 3:

Stryke siste setning og erstatte den med:

Når administrasjonen har gjort ei utgreiing på den første prioriteringa skal saka opp til politisk behandling på det nærmaste formannskapet eller kommunestyret.

Behandling:

Ernst Horgen (H) ville ha vurdert sin gildskap i saka. Ernst Horgen har vore med på saksførebuingar i saka. Ernst Horgen deltok ikkje i møtet medan kommunestyret handsama hans gildskap.

Kommunestyret røysta for at Ernst Horgen er ugild i saka. Kommunelova § 11-10. Inhabilitet for folkevalgte. Ernst Horgen deltok ikkje i handsaminga av saka. Det var då 14 representantar til stades i møte, då det ikkje var mogleg å få tak i vara.

Det vart fyrst røysta over forslaget som var foreslått av Kamilla B K Karlsen (Ap).

Forslaget falt med 6 mot 8 røyster. Høgre og Fremskrittspartiet sine representantar røysta for formannskapet si innstilling i saka på punkt 3. Arbeiderpartiet sine representantar røysta for forslaget til Kamilla B K Karlsen (Ap) .

Det vart så røysta samla over formannskapet si innstilling. Samrøystes vedteke.

K - sak 053/20 Vedtak:

1.Fedje kommune har følgjande mål for legetenesta på Fedje:

- a.Alle kommunen sine innbyggjarar skal ha tilgang på gode allmennlegetenester, tilpassa sitt behov.
- b.Kommunen skal ha ei berekraftig legevakt, som ivaretek god kvalitet, forsvarleg arbeidsbelastning og hensiktsmessig organisering.
- c.Kommunen må ha gode rutinar for samarbeid med legetenesta og kontinuerleg forbetningsarbeid innan helsetenestene med kvalitetsarbeid og internkontrollarbeid.
- d.Kommunen skal legge til grunn primærhelsetenestemeldinga og sjå på helsetenestene som heilskap slik at legetenesta vert ein integrert del av helsetenesta på Fedje.
- e.Uavhengig av val av organisering av ny legeteneste skal den evaluerast innan to år etter oppstart.

2.Fedje kommune arbeider med å få på plass ny legeteneste ut frå følgjande alternativ i prioritert rekkefølge:

- A.Kommunale legar og kommunal legevakt.
- B.Kommunale legar og kommunal legevakt i samarbeid med Nordhordland legevakt.
- C.Kommunale legar og kommunal legevakt i samarbeid med Austrheim kommune.
- D.Kommunale legar og legevakt i samarbeid med Austrheim kommune.
- E.Kommunal legesamarbeid med Austrheim kommune og Nordhordland legevakt.
- F.Kommunal lege og Nordhordland legevakt, utan legevakt på Fedje

3.Rådmannen vert beden om å starte prosessen for å få på plass ny legeteneste i tråd med vedtekne

prioriteringar. Før tilsetting vert gjort vert saka lagt fram for formannskapet og kommunestyret for endeleg vedtak.

Samrøystes vedteke.

054/20: Revidert selskapsavtale for Bergen- og omland farvannsforvaltning

Formannskapet 01.09.2020

Behandling:

F - sak 065/20 Vedtak:

I samsvar med lov om interkommunale selskap av 29.01.1999 nr 6. § 4. sluttar Fedje kommune seg til utkast til revidert selskapsavtale for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, og innstiller for representantskapet å godkjenne forslaget.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 09.09.2020

Behandling:

K - sak 054/20 Vedtak:

I samsvar med lov om interkommunale selskap av 29.01.1999 nr 6. § 4. sluttar Fedje kommune seg til utkast til revidert selskapsavtale for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, og innstiller for representantskapet å godkjenne forslaget.

Samrøystes vedteke.

055/20: Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland - delegering av mynde, og val av representantar til Interkommunalt planutval for sjøareal

Formannskapet 01.09.2020

Behandling:

F - sak 064/20 Vedtak:

1. Fedje kommune sluttar seg til det interkommunale plansamarbeidet om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i samsvar med plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i Fedje kommune.
3. Fedje kommunestyre vedtek at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Fedje kommune vel Jan Torry Sande til medlem med Øyvind Tolleshaug som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 09.09.2020

Behandling:

K - sak 055/20 Vedtak:

1. Fedje kommune sluttar seg til det interkommunale plansamarbeidet om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i samsvar med plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i Fedje kommune.
3. Fedje kommunestyre vedtek at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Fedje kommune vel Jan Torry Sande til medlem med Øyvind Tolleshaug som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

Samrøystes vedteke.

056/20: Dyrevernemnder - forespørsel kandidater for perioden 2021-2024

Kommunestyret 09.09.2020

Behandling:

Forslag frå Stian Herøy (H) kommunestyret tar saka til orientering.

K - sak 056/20 Vedtak:

Kommunestyret tar saka til orientering. Samrøystes vedteke.

057/20: Ny gjennomgang av ungdomsrådet si samansetting

Formannskapet 01.09.2020

Behandling:

Felles endringsframlegg:

Formannskapet føreslår å nytte alternativ 1, og avventer vidare innspel frå ungdomsrådet.

Formannskapet ber nemndenemnda sjå på saka.

F - sak 066/20 Vedtak:

Formannskapet føreslår å nytte alternativ 1, og avventer vidare innspel frå ungdomsrådet.

Formannskapet ber nemndenemnda sjå på saka.

Samrøystes vedteke.

Ungdomsrådet 02.09.2020

Behandling:

U - sak 021/20 Vedtak:

Ungdomsrådet ønskjer å vere fleire enn 5 medlemmar, men ser at det er mogleg innafor gjeldande vedtekter ved at det vert valgt varaer, og dei vert invitert med på møte. Då vil det vere mogleg å få inn og lære opp nokre yngre medlemmar, og det vil vere enklare å lage arrangement.

Ungdomsrådet vil forsøke å rekruttere nye kandidatar til ungdområdet via oppslag før

kommunestyremøtet.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 09.09.2020

Forslag til vedtak, foreslått av Otto-Andre Nordby, Høgre
Forslag til vedtak i sak 021/20 «Ny gjennomgang av ungdomsrådet sin sammensetting», fra Fedje Høgre og Fedje Frp:

Vi beholder vedtektene for ungdomsrådet og endringen blir derfor at vi velger ett fast medlem fra AVS og i tillegg 4 varer fra lista med ungdommer som har meldt sin interesse. Amalie Henden Kleppe og Ståle Opsahl har vi tidligere valgt til sommeren 2021

Vedtektene sier at ungdomsrådet sin sammensetning skal ha 5 medlemmer; 1 fra kommunestyret, elevrådsleder ved Fedje skule, 1 elev fra AVS og 2 fritt valgte ungdommar.
Det gir oss følgende forslag:

Otto Andre Nordby - Fra kommunestyret
Hanne Leah Rognsvåg - elevrådsleiar ved Fedje skule
Frida Herøy - fra AVS
Amalie Henden Kleppe
Ståle Opsahl

Vara:
Kristin Åse (for Otto Andre Nordby)
Vara: Ragnhild Kahrs
Vara: Sindre Waage
Vara: Brede Opsahl
Vara: Ingard Kahrs

Varamedlemmer har møterett, men ikke røysterett.

Varamedlemmene skal ha møtegodtgjørelse

Behandling:

K - sak 057/20 Vedtak:

Vi beholder vedtektene for ungdomsrådet og endringen blir derfor at vi velger ett fast medlem fra AVS og i tillegg 4 varer fra lista med ungdommer som har meldt sin interesse. Amalie Henden Kleppe og Ståle Opsahl har vi tidligere valgt til sommeren 2021

Vedtektene sier at ungdomsrådet sin sammensetning skal ha 5 medlemmer; 1 fra kommunestyret, elevrådsleder ved Fedje skule, 1 elev fra AVS og 2 fritt valgte ungdommar.
Det gir oss følgende forslag:

Otto Andre Nordby - Fra kommunestyret
Hanne Leah Rognsvåg - elevrådsleiar ved Fedje skule
Frida Herøy - fra AVS
Amalie Henden Kleppe

Ståle Opsahl

Vara:

Kristin Åse (for Otto Andre Nordby)

Vara: Ragnhild Kahrs

Vara: Sindre Waage

Vara: Brede Opsahl

Vara: Ingard Kahrs

Varamedlemmer har møterett, men ikke røysterett.

Varamedlemmene skal ha møtegodtgjørelse

Samrøystes vedteke.

058/20: Forliksråd 01.01.2021 til 31.12.2024

Kommunestyret 09.09.2020

, foreslått av ,

Forslag frå Hans Erik Waage (AP):

Kommunestyret vedtek at Inger Steinsbø og Kamilla Bjerkholt Kleppe Karlsen som i kommunestyresak 075/19 vart valt som medlem og varamedlem til Austrheim og Fedje forliksråd for kommunestyreperioden 2019 til 2023 heldt fram i verva ut valperioden til domstolane som går ut 31.12.2024.

Behandling:

K - sak 058/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtek at Inger Steinsbø og Kamilla Bjerkholt Kleppe Karlsen som i kommunestyresak 075/19 vart valt som medlem og varamedlem til Austrheim og Fedje forliksråd for kommunestyreperioden 2019 til 2023 heldt fram i verva ut valperioden til domstolane som går ut 31.12.2024.

Samrøystes vedteke.

059/20: Direktesending av politiske møte i Fedje kommune

Formannskapet 01.09.2020

Behandling:

Felles tilleggsframlegg: Kommunestyret ønsker å prøve ut lokale tekniske løsninger.

F - sak 071/20 Vedtak:

Fedje kommune ønsker å få på plass direktesending av formannskaps- og kommunestyremøte, men avventer førebels innkjøp av ny teknologi til det kjem billegare løsninger. Kommunestyret ønsker å prøve ut lokale tekniske løsninger.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 09.09.2020

Behandling:

K - sak 059/20 Vedtak:

Fedje kommune ønsker å få på plass direktesending av formannskaps- og kommunestyremøte, men avventer førebels innkjøp av ny teknologi til det kjem billegare løsninger. Kommunestyret ønsker å prøve ut lokale tekniske løsninger.

Samrøystes vedteke.

060/20: Tillegg til reglement for kommunestyret - om fjernmøte

Formannskapet 01.09.2020

Behandling:

F - sak 070/20 Vedtak:

Nytt punkt i «Reglement for kommunestyre» pkt. 28 Fjernmøte:

Alle politiske møte kan gjennomførast som fjernmøte innafor rammene av kommunelova § 11-7.

Ordførar avgjer når eit møte skal gjennomførast som fjernmøte.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 09.09.2020

Behandling:

K - sak 060/20 Vedtak:

Nytt punkt i «Reglement for kommunestyre» pkt. 28 Fjernmøte:
Alle politiske møte kan gjennomførast som fjernmøte innafør rammene av kommunelova § 11-7.
Ordførar avgjer når eit møte skal gjennomførast som fjernmøte.

Samrøystes vedteke

061/20: Eventuelt

Kommunestyret 09.09.2020

Behandling:

Kamilla B.K.Karlsen (Ap) ønskte å reise sak om møtetid for kommunestyret under eventuelt. Det vart røysta over om saka skulle inn på sakskartet i møtet. Ap sine 6 representantar og Ernst Horgen(H), røysta for at saka skulle på sakskartet, medan resten av H og Frp sine representantar (8) røysta mot at saka skulle handsamast i dag. Saka vart ikkje tatt inn på sakskartet . For å få ei sak inn på sakskartet i møtet, må 2/3 av kommunestyret røysta for at saka skal på sakskartet.

Spørsmål til ordførar Stian Herøy, frå Gidske Borge Kolltveit (Ap): Ordførar orienterte for omlag 1 år sidan om ulike næringslivsprosjekt , representanten Kolltveit lurte på om det var mogleg å få informasjon om korleis det går med sakene som ordføraren tidligare har informert om. Ordførar Stian Herøy informerte om Feddie Destillery AS. [og at det vert jobba med plan for sjøarela våre, som kan gje ny oppdrettslokalitet.](#)

Rådmannen informerte om havvindmøller, framdrift og tidsperspektiv.

K - sak 061/20 Vedtak:

Ingen vedtak under eventuelt.
